



Korleis bruke arealrekneskap til planlegging?

Rettleiingsmateriell



Vestland
fylkeskommune

Innhald

1	Innleiing	3
2	Om arealrekneskap.....	4
2.1	Kva arealrekneskap er og ikkje er	4
2.2	Arealrekneskapen til Vestland	5
2.3	Om planmosaikk og planreserve	9
2.4	Datakjelder	12
2.5	Usikkerheiter i metode og data	13
2.6	Når bør kommunen utarbeide eige arealrekneskap?	14
2.7	Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap	14
3	Klimagassutrekning av arealbruksendringar.....	14
3.1	Klimabudsjett	17
4	Rammer og forventingar areal- og naturrekneskap.....	17
5	Arealrekneskap til ulike planprosessar.....	19
5.1	Kommunal planstrategi.....	19
5.2	Kommuneplanens samfunnsdel	21
6	Arealdelen i kommuneplanen.....	24
6.1	Planoppstart og planprogram	24
6.2	Planvask	28
6.3	Utarbeiding av planforslag	29
6.4	Les meir om kommuneplanens arealdel	31

1 Innleiing

Dette rettleiingsmateriellet er meint som eit startpunkt for kommunar som skal bruke arealrekneskap til planlegging i overordna plan. Arealrekneskap kan mellom anna vere kunnskapsgrunnlag til

- kommunal planstrategi
- arealstrategiar og mål i samfunnsdelen i kommuneplanen
- arealdelen i kommuneplanen
- planvask
- å overvake om arealbruken er i tråd med overordna mål

Her har vi samla informasjon om arealrekneskap og korleis bruke det. Vi viser til mange gode kjelder, og bygger på rettleiaren til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), [Arealregnskap i kommuneplan](#). Det er framleis nytt å bruke arealrekneskap til planlegging i Vestland, og vi manglar gode døme. Samtidig er det mange måtar å planlegge på, difor blir dette rettleiingsmateriellet på eit overordna nivå.

Materiellet bør brukast som eit oppslagsverk, og er hovudsakeleg meint for kommuneplanleggarar og andre som brukar arealrekneskap. Vi anbefaler til å bruke innhaldslista som ein vegvisar gjennom dokumentet.

Vi har tatt utgangspunkt i arealrekneskapen for Vestland, men rettleiaren kan òg vere nyttig for kommunar frå andre fylke. Vi i Vestland har bygd arealrekneskapen vår på metoden til Agder fylkeskommune.

Rettleiingsmateriellet er laga med støtte frå Klimasats i prosjektet *Arealrekneskap for utsleppsreduksjon* og publisert i oktober 2025. Med i prosjektet er kommunane Aurland, Sunnfjord, Voss og Vik. I tillegg til dette dokumentet, har vi publisert ei oversikt over [funksjonar i arealrekneskapen til Vestland](#) og publisert øvingsoppgåver frå samlingane vi har gjennomført i prosjektet. [Dei kan de laste ned frå denne nettsida](#).

Dersom de har tekniske spørsmål om arealrekneskap, send ein e-post til [kontaktpersonane på denne nettsida](#). Dersom de har spørsmål om planlegging, ta kontakt med kommunekontakten dykkar. Oversikt over [kontaktpersonar for kommunane finn de her](#).

God lesing!

2 Om arealrekneskap

2.1 Kva arealrekneskap er og ikkje er

Arealrekneskap gir ei oversikt over areala våre. I Vestland fylkeskommune bruker vi omgrepet arealrekneskap for kartfesta arealstatistikk, som inneheld informasjon om

- planlagt bruk av areal
- faktisk bruk av areal
- eigenskapane areala har knytt til natur og landbruk
- potensielle klimagassutslepp av arealbruksendringar

Figur 1 syner dei fire hovudaspekta i ein arealrekneskap

Arealformål	Arealbruk	Arealtypar	Potensielt utslepp av klimagassar
• Fordeling og omfang av arealformål i kommunale planar.	• Kva areal som er opparbeida og/eller bygd, altså kva vi bygger kor.	• Fordelinga og omfanget av ulike typar opparbeida areal*	• Estimert utslepp av klimagass-utslepp ved arealbruksendring til bebygd.

Figur 1: Dei fire hovuddelane av arealrekneskap.

* Arealtypar er frå AR5 og AR50. Datagrunnlaget inkluderer ikkje detaljerte naturtypar og er difor ikkje å rekne som ein naturrekneskap. Nye og heildekkande naturdatasett er under utarbeiding og skal innarbeidast fortløpande. Førebels naturkunnskap er innarbeidd i det utvida arealrekneskapen.

«Arealregnskap en oversikt over kommunens arealer, i form av faktisk arealbruk og/eller planlagt arealbruk.»

Frå rettleiaren [Arealregnskap i kommuneplan](#)

2.2 Arealrekneskapen til Vestland

Vestland lanserte den første versjonen av ein regional arealrekneskap i juni 2024, og sidan då har vi lansert fleire nye versjonar. Arealrekneskapen til Vestland var tilgjengeleg i desse fire formata når dette rettleingsmateriellet blei publisert:

- Kartløyning over gjeldande plan
- Statistikkrapport over gjeldande plan
- TREISS: Samanlikning mellom gjeldande og planforslag
- Utvida kartløyning med meir informasjon om bustad og natur

Vi bruker arealrekneskap som eit samlande omgrep for statistikk og kartfesta kunnskap om areal og arealbruk. Dersom de er nysgjerrige på fleire omgrep knytt til arealrekneskap, sjå [Arealregnskap i kommuneplan](#) på s. 3 og [NIBIO Brage: Arealregnskap som kartgrunnlag og arbeidsmetode](#) på s. 7.

Dei følgjande delkapitla tar føre seg kvar av desse.

Alle løysingane bygger på same metode og skal gi lik statistikk i ulike format. [Sjå nettsidene våre](#) for lenker til oppdaterte arealrekneskapar og nye løysingar.

2.2.1 Kartløyning over gjeldande plan

Lenke til [kartløyninga](#).

Her ser vi arealrekneskapen for gjeldande plan. Alle planane som blir viste gjennom planmosaikken, er vedtekne planar og henta frå Geonorge.


Her er også ei nedlastbar Excel-fil med rådata og ferdige tabellar (figur 2).

Tabellane syner

- formål i plan for både planmosaikk og KPA
- planreserve etter planmosaikk
- utslepp frå planreserve i tCO₂-ekvivalenter viss 100 prosent utbygd¹
- beslag av arealtypar ved realisering av planreserve (teoretisk beslag går til bebygd eller samferdsel)
- arealtypekonsekvens av gjeldande plan

I tillegg får de her ein detaljert gjennomgang av [funksjonane til kartløyning for gjeldande plan](#).

¹ Tidligere var dette gjort etter den gamle metoden til Miljødirektoratet. No bruker vi metoden skildra i [M-1941 handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø](#).




Figur 2: Skjermbilete av den øvre delen kartløysinga for arealrekneskapen for gjeldande plan. Dei rosa markeringane viser kor de finn Excel-filer til nedlasting.

2.2.2 Statistikkrapport over gjeldande plan

Lenke til [statistikkrapport](#).

Her finn de statistikk for arealrekneskap i tabell og grafar, sorterte på ulike tematikkar. Det skal vere same data her som i kartløysinga. Ver merksam på når statistikkrapporten sist var oppdatert. Det kan de sjekke under informasjon (figur 3, a).

Her kan de òg laste ned ei Excel-fil med rådata og ferdige tabellar (figur 3, b)



Figur 3: Skjermbilete av statistikkrapporten i Power BI. a) Viser til der de kan få meir informasjon om arealrekneskapen og dato for førre oppdatering. b) Viser til der de kan laste ned Excel-fil med rådata og ferdige tabellar.


2.2.3 TREISS: Samanlikning mellom gjeldande plan og planforslag

Lenke til [samanliknande kartløyising](#)

Denne kartløyisinga samanliknar gjeldande plan med nye planforslag. Her må kommunen sjølv sende oss planforslag, slik at vi kan legge det til i kartløyisinga. Dersom planforslaget ikkje er vedtatt plan, er det viktig å vite kva versjon av plankartet de ser på.

Det ser de ved å sjekke knappen «kommune info» (Figur 4, rosa firkant). Her finn de også Excel-fil med rådata og ferdige tabellar.

Her får de ein detaljert gjennomgang av [funksjonane i kartløyising for samanlikning mellom gjeldande plan og planforslag](#).



Figur 4: Skjermbilete av kartløyising, der de kan samanlikne gjeldande plan og planforslag. Ein rosa firkant markerer knappen "kommune info". Her finn de både informasjon om når dataa blei sende til fylkeskommunen, siste høyring og Excel-filer med rådata og tabell.


Excel-tabellen er nyttig for å syne statistikk som samanliknar gjeldande plan og planforslag. Her får tabellar som syner

- formålsendringar i planmosaikk
- formålsendring i KPA
- planreserve
- utslepp i tCO₂-ekvivalenter viss 100 prosent utbygd
- beslag av arealtypar ved realisering av planreserve (teoretisk beslag går til bebygd eller samferdsel)
- arealtypekonsekvens for forslaget og gjeldande plan

2.2.4 Utvida kartløyising med meir informasjon om bustad og natur

Lenke til [utvida kartløyising](#)

Dette er ei betaløysing som snart vil bli oppdatert. Det er kart over gjeldande plan, men med utvida informasjon om bustad og natur (figur 5).




Figur 5: Skjermbilete av utvida arealrekneskap.

2.3 Om planmosaikk og planreserve

Det er spesielt to omgrep som er viktige å forstå i den regionale arealrekneskapen. Det er *planmosaikk* og *planreserve*.

Planmosaikk er kartlaget inne i kartløyninga. Det er eit kartlag som kombinerer data frå kommuneplan, kommunedelplan og reguleringsplan, utan overlappende flater. Kvar flate representerer det antatte gjeldande arealføremålet per dags dato og skal gi best mogeleg bilete eller representasjon av lovleg arealbruk. Dette kan likevel vere annleis enn den faktiske plansituasjonen i kommunen, der det ifølgje plan- og bygningslova (pbl) (§ 1-5) som regel er nyaste plan som gjeld. Hovudreglane til planmosaikken er skildra i figur 6. Planmosaikk gir eit overordna overblikk over plansituasjonen til heile fylket og kommunen. Det kan likevel førekomme feil arealformål for enkeltareal, til dømes at planmosaikken ikkje nødvendigvis viser nyaste plan ved motstrid. I slike tilfelle er det meir hensiktsmessig med ein avsjekk mot dei relevante plandokumenta.



Figur 6: Planhierarki som ligg til grunn i arealrekneskapsmetodikken er vist til høgre, med hovudreglane for planmosaikken til venstre. RP: reguleringsplan, KDP: kommunedelplan, KPA: kommuneplanens arealdel.

I planmosaikken blir meir enn 400 ulike arealformål etter plan- og bygningslova i første omgang omsette til korresponderande arealformål etter ein moderne KPA (tabell 1). Dette reduserer eigenskapen 'arealformål' til i underkant av 60 unike verdjar.

Deretter vert desse slått saman til 19 arealformålsgrupper, som forenklar dette komplekse biletet. Denne sorteringa i metodikken er valt for å få ei enklare kartframstilling av formål som i all hovudsak opnar for liknande arealutbygging. Fordeling på dei 60 unike arealformålsverdiane etter KPA kan de sortere både i kartløyningane og Excel-tabellane

Les meir om planmosaikk i metodeskiltringa i artikkelen [Planlagt utbyggingsareal i Norge](#) frå NINA og i skiltringa i infoboksen i [kartløyning for gjeldande plan](#).

Tabell 1: Døme for alle formål som inngår i arealformålsgruppe 01 Bolig eller sentrumsformål.

	Original Areal Formål Kode	Original Areal Formål Namn	Arealformål generalisert etter KPA (PBL2008) – (Sorteringsval i Excel og kart)	Arealformåls-gruppe (Visning i kart og hovudsortering i statistikk)
Gammal plan- og bygningslov	100	Bygeområde	1001 - Bebyggelse og anlegg	01 Bolig eller sentrumsformål
	110	Boliger	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	111	Frittliggende småhusbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	112	Konsentrert småhusbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	113	Blokkbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	115	Garasje	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	760	Felles gårdsplass	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	800	Fornyelsesområde	1001 - Bebyggelse og anlegg	01 Bolig eller sentrumsformål
Ny plan- og bygningslov	1000	Bebyggelse og anlegg - generalisert (utgått)	1001 - Bebyggelse og anlegg	01 Bolig eller sentrumsformål
	1001	Bebyggelse og anlegg	1001 - Bebyggelse og anlegg	01 Bolig eller sentrumsformål
	1110	Boligbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	1111	Boligbebyggelse-frittliggende småhusbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	1112	Boligbebyggelse-konsentrert småhusbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	1113	Boligbebyggelse-blokkbebyggelse	1110 - Boligbebyggelse	01 Bolig eller sentrumsformål
	1130	Sentrumsformål	1130 - Sentrumsformål	01 Bolig eller sentrumsformål

Planmosaikk er ein av hovudskilnadane mellom metoden vi bruker i det regionale arealrekneskapen og metoden KDD skildrar i rettleiaren [Arealrekneskap i kommuneplan](#). Metode deira ser berre på arealdelen i kommuneplanen, og gir ikkje høve til å sjå planlagt arealbruk etter planhierarkiet samla.

Planreserve er heile eller delar av eit planlagt utbyggingsområde, som blir vurdert å framleis ha eit potensial for utbygging. Dette vert gjort ved at planmosaikken blir samanlikna med områda som faktisk er utbygde ifølgje [SSB arealbruk](#). Sjå figur 7 for illustrasjon.



Figur 7: Døme på korleis planreserven kan sjå ut. Lys oransje er fritidsbusetnad og med buffersone. Mørk oransje er planreserven for formålet.

Døme på reglar for planreserve

- Bustad eller fritid treng areal større enn 10x10 meter.
- Areal frå KPA eller andre areal i planmosaikken må vere større enn 15x15 meter.
- Buffersone
 - 10 meter kring bygg
 - 5 meter kring garasje (andre bygg)

Merk at planreserve er areal i dekar, og ikkje tal bustader. Den er heller ikkje vidare definert til byggeklar-, langsiktig- eller teoretisk planreserve, som skildra i [Veiledning om beregning av planreserve til boligformål i kommunene](#). Planreserve kan overlappe med omgrepet arealreserve, men her blir planreserve brukt for estimatet frå planmosaikken, og ikkje framtidige utbyggingsområde i den enkelte kommune- eller reguleringsplan.

I planreserven er mindre flater luka vekk, sidan det ikkje er sannsynleg at dei blir bygde ut. I tillegg har kvart hus ein buffersone i tråd med gjeldande regelverk og praksis. Til dømes har buffer på ti meter omsyn til plan- og bygningslova § 29-4 om å ikkje bygge nærare tomtegrense enn fire meter. Buffersona har endra seg frå første versjon av arealrekneskapen.²

Planreserven viser natur- eller landbruksareal som er definert som utbyggingsområde i plan. Det viser ikkje fortetting- eller transformasjonsområder. Denne «kostnaden» av planreserven kan vi sjå i tabellen *Arealtypekonsekvens* i Excel-fila (tabell 2)

² I fyrste versjon hadde alle bygg 15 meter buffersone. Den måtte blant anna vere 12x12 meter innanfor ein polygon eller mellom 9 og 12 meter i enkelte unntak.

Tabell 2: Arealtypekonsekvens av planreserven i Vestland per oktober 2025. All planreserve i byggeformål 1000–1800 går til bebyggd.

Arealtype	Arealtypekonsekvens			
	Ny fordeling	Prosent	Endring i %	
Bebyggd	584 314	1,4 %	64,0 %	Auke i areal til utbygging
Samferdsel*	208 950	0,5 %	3,9 %	
Fulldyrka jord	474 666	1,1 %	-1,8 %	Kostnad for naturen/tap av økosystemtenester (inkludert landbruk).
Overflatedyrka jord	119 751	0,3 %	-2,3 %	
Innmarksbeite	412 396	1,0 %	-2,1 %	
Skog	8 944 059	20,8 %	-1,4 %	
Open fastmark	19 249 018	44,8 %	-0,3 %	
Myr	756 438	1,8 %	-2,1 %	
Snøisbre	1 132 984	2,6 %	-0,4 %	
Ferskvatn	1 982 940	4,6 %	0,0 %	
Hav	9 137 713	21,2 %	-0,1 %	
Totalt	43 003 231	100,0 %	0,0 %	

* Tala i reknearka i denne tabellen inkluderer ikkje alle areal planlagt til samferdsel. Samferdselsplanar på KPA- og KDP-nivå er ofte synt som linjer og store soner. Ei utrekning av planreserve i desse sonene ville levert eit urealistisk høgt tal på potensielle arealinngrep. Tala som er inkludert i samferdsel, gjeld arealformålsflater (i all hovudsak i reguleringsplanar) tilknytt samferdselsformål.

2.4 Datakjelder

Arealrekneskapen er samanstilt av desse datakjeldene. Lenkene fører til produktspesifikasjonane.

- [SSB arealbruk](#)
- [FKB-AR5](#) og [AR50](#)
- [Plandata frå kommunale planar](#) (kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar)

2.5 Usikkerheiter i metode og data

Ei detaljert skildring av feilkjelder er publisert i [kartløyising over gjeldande plan](#) (boksen kalla «Informasjon»), men det er nokre sentrale usikkerheiter skildra i figur 8. Arealrekneskap er ein modell av verkelegheita, og vil aldri kunne romme den fulle og heile sanninga for areal, natur og arealbruk. Derfor vil det vere forenklingar eller mindre feil som ikkje stemmer fullstendig med røynda. Dersom de ser større feil i arealrekneskapen, ta kontakt med [kontaktpersonane på nettsida](#) til fylkeskommunen.

Nokre av desse utfordringane er mogeleg å utbetre i ein felles, langsiktig innsats. For at arealrekneskapen skal bli mest mogeleg nøyaktig og nyttig, må kommunane oppdatere plankarta og dei offentlege kartdatabasane sine. [Sjå informasjon om ajourhald av AR5 i ulike kommunar her.](#)



Figur 8: Her er nokre av utfordringane i arealrekneskapen.

Utan at dette er å rekne som feilkjelde, gjer etablering av ein planmosaikk at det ikkje vil vere samsvar mellom summen av arealformål i arealrekneskapen og summen av arealformål i kommuneplanen. Dette er storleikar som vi ikkje kan samanlikne direkte. For å kompensere noko for dette har vi frå 2025 lagt til eigenskapen «KpFormålModerne» som er formål i KPA, slik den er frå SOSI-fil, og omsett til arealformål etter plan- og bygningslova av 2008. Med dette kan vi samanlikne mellom planmosaikk og KPA.

2.6 Når bør kommunen utarbeide eige arealrekneskap?

Arealrekneskapen til Vestland er regional, sjølv om det går an å filtrere på enkeltkommunar. Denne satsinga er etablert for å gi alle kommunar i Vestland eit felles og solid utgangspunkt for arealrekneskap, slik at ressursane kan bli brukte på å ta det i bruk.



Figur 9: Framsida til rettleiaren Arealrekneskap i kommuneplan.

Vi bruker like datagrunnlag for alle kommunane, og kan ikkje legge til lokale datasett utover plandata. I eit slikt regionalt oppsett er det ikkje mogleg å dekke alle lokale behov i kommunane.

Det kan vere at kommunen ser behov for å lage eit meir detaljert eller fagspesifikt rekneskap over areala til kommunen.

Det er opp til kommunen å bestemme om det fylkeskommunen leverer er godt nok til behova, eller om kommunen skal lage sitt eige, meir detaljerte arealrekneskap frå botnen av. Då er [Arealrekneskap i kommuneplan](#) ein god stad å starte.

2.7 Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap

Arealrekneskap er mest nyttig når det blir sett i samanheng med anna kunnskap. Til dømes er det viktig i kommuneplanlegging å vurdere planreserve opp mot behov for utbygging.

Her er ei liste over nyttige datasett å vurdere opp mot arealrekneskapen:

- [Befolkningsframskriving, SSB tabell 13600](#)
- [Historisk befolkningsutvikling, SSB tabell 06913](#)
- [Bustadsamansetning i kommunen, SSB tabell 06265](#)
- [Fritidsbusetnad i kommunen, SSB tabell 13633](#)
- [Arealbruk i din kommune – SSB](#)
- [Kommunefakta - SSB](#)

I tillegg har Panda fått ein ny bustadmodul som kan anslå framtidig bustadbehov basert på demografisk utvikling. Les meir om den nye modulen på [Panda Analyse sine sider her](#).

Elles finn de statistikk, indikatorar og analysar på nettsida til [Vestland fylkeskommune](#).

3 Klimagassutrekning av arealbruksendringar

Klimakalkulatoren i arealrekneskapen viser potensialet for klimagassutslepp dersom heile planreserven blir bygd ut. Dette er eit verktøy for å synleggjere konsekvensar for klimagassutslepp, dersom det skjer endringar i planreserven til ein kommune. Slik kan

kommunen synleggjere konsekvensen av ulike alternativ og vise effekt av planvask på klimagassutsleppet til kommunen .


Kalkulatoren kan de finne både i

- [kartløyising for gjeldande plan](#)
- [statistikkrapporten i Power BI](#)

Klimakalkulatoren i arealrekneskapet baserer seg på tilrådingar frå miljødirektoratet om [klimautslepp som følgje av arealendring](#). Tidlegare har vi nytta ein mal frå 2017 basert på 20-års utslepp, men vi innarbeider no ein ny mal som baserer på utslepp i eit 75-års perspektiv. Du kan lese meir om denne i [kapittel 6.2.2, M-1941 handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø](#).

Utsleppstala er rekna som om 100 prosent av arealet i planreserven endrar status til «bebyggd», sjølv om det sjeldan er intensjonen.

I kartløyisinga er kalkulatoren alltid filtrert på planreserve og de kan vidare filtrere på arealtype, arealformål og planID for reguleringsplan. Sjå døme i figur 10. De kan også trykke direkte på ei flate i kartet for å sjå dei potensielle utsleppa for den spesifikke flaten.



Figur 10: Her har vi filtrert på fritidsbusetnad under grupperte arealføremål, og dyrka mark i arealressursar. Sjå nede til høgre for det potensielle utsleppa frå denne kategorien

Utrekning etter miljødirektoratet sin rettleiar M1941 (lenke ned til h gre)

Planreserve	1	
	Naturens evne til opptak av	Utslepp av CO2 ved
Radetiketter	CO2 over 75 �r	arealendring over 75 �r
1001 - Bebyggelse og anlegg	-104 358,33	315 552,76
1110 - Boligbebyggelse	-828 100,14	2 669 239,08
1120 - Fritidsbebyggelse	-786 865,60	3 257 548,97
1130 - Sentrumsform�l	-21 918,97	133 898,36
1140 - K�pkesenter	-4,59	197,46
1150 - Forretninger	-7 779,73	28 667,78
1160 - Offentlig eller privat tjenesteyting	-82 234,79	357 863,40
1200 - R�stoffutvinning	-120 983,65	340 012,48
1300 - N�ringsvirksomhet	-354 432,00	2 239 739,67
1400 - Idrettsanlegg	-461 741,47	1 984 039,87
1800 - Kombinert bebyggelse og anleggsform�l	-109 474,58	554 963,56
2010 - Veg	-88 648,91	357 268,32
2080 - Parkeringsanlegg	-11 967,01	80 599,66
Totalsum	-2 978 509,76	12 319 591,35

Figur 11: D me av tabell som finst i Excel-fila. Viser her utslepp av tCO2  kvivalentar per arealf rem lsgruppe dersom planreserven blir utbygd.

Gjennom Excel-fila f r vi ein tabell som viser potensielle utslepp per arealform l (figur 11). Dette er ein ferdig tabell der vi samanfattar sentrale n kkeltal, men de st r fritt til   endre og legge inn fleire filter ved behov. Ved endring av desse tabellane st r de sj lve ansvarlege for tolking av datasettet. Eit nyttig forslag er   hente klimatal for ein heil eksisterande reguleringsplan ved   filtrere p  PlanID i r datatabellen. D  f r de ogs  med allereie utbygd areal samt restareal utanom planreserven.


Dersom de ynskjer   unders ke dei potensielle utsleppa fr  arealbruksendringar for forslag til reguleringsplan b r de bruke kalkulatoren til Mil direktoratet i [kapittel 6.2.2, M-1941 handbok om konsekvensutgreiing av klima og milj ](#). Trykk p  lenka kalla «Beregningsmal for klimagassutslepp fra karbonrike arealer (excel fil)». Dette svarar til M1941-utrekninga som ligg i arealrekneskapen til fylkeskommunen. I handboka viser dei ogs  til to andre m gelege kalkulatorar for   rekne ut karboninnhald i planlagde utbyggingsomr de.

- [Kalkulator for karbon i torv fr  NINA \(CarbonViewer\)](#)
- [NIBIO sitt kartbaserte rekningsverkt y](#) (ikkje tilgjengeleg for alle per oktober 2025)

Kalkulatoren er filtrert til   vise potensielle utslepp fr  planreserven. For andre ubygde areal kan vi gjere utval i Excel-tabellen, og f  fram kva utslepp ei eventuell arealendring vil medf re.

Utslepp og opptak fr  skog og arealbruk blir fanga opp i rekneskapen til Mil direktoratet her: [Utslipp og opptak fra skog og arealbruk: For kommune](#) (figur 12).

Merk at rekneskapen for skog og arealbruk (LULUCF) ikkje er del av rekneskapen for direkteutslepp i kommunar, som de ser her [Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - milj direktoratet.no](#).



Figur 11: Mil direktoratet si oversikt over utslepp og opptak av klimagassar per kommune.

3.1 Klimabudsjett

Arealrekneskapen kan gi informasjon og tal til klimabudsjettet til kommunen. Planvask kan til dømes vere eit tiltak i klimabudsjettet for å redusere potensielle klimagassutslepp frå arealbruksendringar. Les meir om planvask i delkapittelet Planvask

. Kommunen kan vise den potensielle utsleppsreduksjonen av planvask, ved å samanlikne dei potensielle utsleppa før og etter planvask eller oppheving av eksisterande arealplanar. Dette er nærare skildra i tiltaket: L01 Redusert nedbygging, frå Miljødirektoratet sin rapport [Klimatiltak i Norge: Kunnskapsgrunnlag 2025 \(M-2870\)](#)

Merk at utslepp og opptak frå arealbruk ikkje rapporterast saman med kommunen sine direkte utslepp. Reknar ein utsleppa frå arealbruksendringar med i klimabudsjettet vil desse tala då vere ein eigen kategori, som ikkje inngår i klimarekneskap og –budsjett for kommunen sine direkte utslepp. Det er likevel viktig å synleggjere utsleppa frå arealbruk.

4 Rammer og forventningar areal- og naturrekneskap

Noreg forventar å rapportere eit nasjonalt naturrekneskap bygd på SEEA EEA-standarden i 2026, som eit supplement til den nasjonale rekneskapen. [Les meir om korleis Miljødirektoratet arbeidet med dette her.](#)

Om SEEA EEA standarden

I 2013 blei den første versjonen av eit internasjonalt rammeverk for naturrekneskap vedtatt i FN, kalla [System of Environmental-Economic Accounting – Experimental Ecosystem Accounting \(SEEA EEA\)](#).

Denne blei testa ut fram til 2017, før ein revidert versjon blei vedtatt som statistisk standard i 2021.

Bakgrunnen var behov for eit felles internasjonalt rammeverk kring statistikk for arealbruk og natur, og forholdet det har til økonomien.

Parallelt med behov for nasjonalt arealrekneskap til bruk for rapportering, forventar regjeringa at kommunane bruker arealrekneskap i planlegginga (figur 10). Det kjem fram i [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#). Der står det mellom anna at arealrekneskap gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere klimaverknaden av planforslag.

Både [Statlige planretningslinjer for klima og energi](#), og [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet](#) gir tydelege forventningar om bruk av arealrekneskap i kommunal planlegging. Dei mest sentrale formuleringane knytt til rammer og forventningar er framheva i figur 13, men det beste er å sjå dei i samanheng med resten av planretningslinjene i lenka over.

I tillegg har Vestland fylkeskommune forankra bruk av arealrekneskap i [regional plan for klima 2023–2035](#). Vi forventar at kommunen bruker arealrekneskapen både i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen og arealstrategiane i samfunnsdelen. Les meir i dei komande kapitla om korleis bruke arealrekneskap til kommunal planlegging.

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027

- kap 2, pkt 17: «Samfunns- og arealplanleggingen baseres på et oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag. Kommunene bør utarbeide et arealregnskap som del av et slikt kunnskapsgrunnlag.»

Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

- pkt 6.3: «Det bør utarbeides arealregnskap som del av kunnskapsgrunnlaget i kommuneplanarbeidet. Dette gir kommunene redskap for å sette seg mål for å redusere nedbyggingen av landbruks- og naturområder.»

Statlige planretningslinjer for klima og energi

- pkt 4.3, bokstav f) «Det bør utarbeides arealregnskap som del av kunnskapsgrunnlaget i kommuneplanarbeidet. Naturregnskap bør vurderes.»

Regional plan for klima 2023-2035

- pkt 21: «Kommunar bør utarbeide arealregnskap som grunnlag for kommuneplanen sine arealstrategiar og arealdel.»

Figur 12: Sentrale føringar for bruk av arealregnskap

Det er ein nasjonal forventning at kommunane fører arealregnskap, fordi dette utgjer eit sentralt kunnskapsgrunnlag for å mellom anna vurdere verknad på nasjonale og regionale interesser. Det skal vere samsvar mellom utbyggingsbehov og arealet sett av til utbygging. Det er viktig å skildre kva areal som ligg i arealreserven. Er det

- dyrka mark? (fulldyrka eller overflatedyrka jord)
- karbonrike areal? (skog, myr, eller karbonrik landbruksjord)
- verdifull natur? (til dømes raudlista artar eller upåverka naturområde)
- samanhengande natur, viktige grøne korridorar og økologiske funksjonsområde?
- viktige friluftsområde?
- strandsone?

I så fall er det viktig å redusere konflikt så mykje som mogeleg. Arealregnskap skal nyttast som reiskap for å sette seg mål om å redusere nedbygginga av landbruks- og naturområde. Det skal også nyttast aktivt som planleggingsverktøy og i dialog, slik at kommunen kan synleggjere behov og val gjennom planlegginga. Arealregnskap legg grunnlaget for revisjon av arealplanar og planvask.

5 Arealrekneskap til ulike planprosessar

5.1 Kommunal planstrategi

Gjennom planstrategien skal kommunen ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal revidast eller vidareførast utan endringar. Det gjelder også arealdelen, og om kommunen skal sette i gang med planvask ved å revidere eller oppheve gjeldande reguleringsplanar. Les meir om planstrategi i rettleiaren [Kommunal planstrategi - kommunestyrets redskap for å prioritere planoppgaver](#).

For å kunne ta gode avgjersler for arealbruk, trengst det eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om dei viktigaste utfordringane og moglegheitene i kommunen. Arealrekneskapen bør vere del av dette kunnskapsgrunnlaget. På dette plannivået anbefaler vi å bruke statistikk og kartløysing for gjeldande plan.

På bakgrunn av denne kunnskapen kan kommunen ta strategiske val knytt til langsiktig arealbruk. Døme på spørsmål kommunen kan svare på med arealrekneskap er skildra i figur 15.



Figur 13: Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Med tabellen

- Kva er planreserven i kvart arealformål?
- Kva er planreserven i AR5?
- Kor stor er planreserven i forhold til det allereie utbygde arealet?

Med kartløysinga

- Kva er mønsteret for arealbruk i kommunen?
- Kor er det høgt utbyggingspress?
- Er det område vi ynskjer å ta vare på med omsyn natur, landbruk, klimatilpassing eller utsleppsreduksjon av klimagassar?

Figur 15: Spørsmål kommunen kan svare på med tabell og kartløysinga for gjeldande plan.

I figur 16 er eit døme på ein av tabellane som kan gi svaret på spørsmålet stilt i figur 15. Her ser vi både kva fordelinga av arealtypar er i dag, og korleis planreserven fordeler seg mellom dei ulike arealtypepane.

Beslag av arealtyper ved realisering av planreserve (teoretisk beslag går til bebyggelse eller samferdsel)					
Arealtype fordeling i dag			Planreserve 1		
Forklaring arealtype					
	Rad-etiket	Summer av Dekar.sum	Summer av Dekar.sum2	Rad-etiketter	Summer av Dekar.sum
11 = Bebyggelse	11	356207,3	0,8 %	11	380,0
12 = Samferdsel	12	201057,1	0,5 %	12	5,1
21 = Fulldyrka jord	21	483259,5	1,1 %	21	8593,4
22 = Overflatedyrka jord	22	122564,6	0,3 %	22	2813,2
23 = Innmarksbeite	23	421086,1	1,0 %	23	8689,6
30 = Skog	30	9067930,8	21,1 %	30	123871,7
50 = Åpen fastmark	50	19314143,0	44,9 %	50	65124,5
60 = Myr	60	772395,2	1,8 %	60	15957,5
70 = Snøisbre	70	1137846,2	2,6 %	70	4862,0
81 = Ferskvann	81	1983148,5	4,6 %	81	208,8
82 = Hav	82	9143592,4	21,3 %	82	5879,0
Totalsum		43003230,6	100,0 %	Totalsum	236384,8

Figur 16: Utklipp frå Excel-tabellen for gjeldande plan. Her ser vi arealtypefordelinga i dag og korleis fordelinga av arealtype er i planreserven. Data her er samla for heile fylket.

Eit anna viktig tema i planstrategi er miljøutfordringar. Her kan kommunen bruke arealrekneskap for å gi svar på nokon av dei følgjande spørsmåla.

- Kor kjem utbyggingsplanar i konflikt med til dømes naturmangfald, jordvern eller villrein?
- Kor er det planlagt næringsareal og akvakultur?
- Kor er dei karbonrike areala i kommunen (myr og skog)?

Arealrekneskap blir nyttigare i kombinasjon med anna kunnskap, og bør setjast i samanheng med befolkningsframskriving og bustadbehov. Det gir høve for å planlegge målretta i tråd med gjeldande politikk og kunnskap. Sjå liste over nyttige datasett i delkapitelet Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap.

5.1.1 Vurdering av planbehov

Ein sentral del av planstrategien er vurdering av planbehov. For å gjere denne vurderinga bør kommunen følgje trinna i figur 17.



Figur 17: Trinn for å vurdere planbehov i planstrategien.

Arealrekneskap bidreg inn i diskusjonen som kunnskapsgrunnlag om gjeldande planar, planreserve og arealressursar. Ei viktig øving her er å samanlikne eksisterande planreserve og bustadreserve med befolkningsframskriving. I tillegg bør kommunen evaluere om gjeldande arealstrategi gir ei retning som er i tråd med nasjonale og regionale føringar og kjent kunnskap. Om ikkje bør kommunen rullere heile eller delar av samfunnsdelen med arealstrategi. Sjå kapitla

Rammer og forventingar areal- og naturrekneskap og [Arealstrategiar](#).

Det er viktig at gjeldande planareal reflekterer behovet for utbygging. Dersom planreserven for eit gitt arealføremål er større enn behovet, bør kommunen vurdere å redusere denne planreserven gjennom rulling av arealdelen i kommuneplanen og planvask av reguleringsplanar. Les meir i kapitla [Arealdelen i kommuneplanen](#) og [Planvask](#).

5.1.2 Les meir om planstrategi

- [Kom i gang med kommunal planstrategi | Enkel planlegging](#)
- [Kommunal planstrategi - kommunestyrets redskap for å prioritere planoppgaver - regjeringen.no](#)
- [Planstrategi | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Plan og bygningsloven, §10-1 kommunal planstrategi](#)
- [Nettseminar om Planstrategi 4.0 - småkommuner og de gode hjelperne - regjeringen.no](#)
- [Grunnlag for veileder om revisjon av kommunale planer \(planvask\) - Holth og Winge](#)

5.2 Kommuneplanens samfunnsdel

I samfunnsdelen bør kommunen bruke arealrekneskap som kunnskapsgrunnlag til mål og arealstrategiar. Kunnskapsgrunnlaget til samfunnsdelen kan bygge på kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, alternativt kan dei ha felles kunnskapsgrunnlag. Vurder om det har vore oppdateringar av arealrekneskapen³, eller ny kunnskap som oppdaterte klimaframskrivingar eller kartleggingar sidan kommunen vedtok planstrategien.

³ Arealrekneskapen blir jamleg oppdatert, så ver merksam på når tala de bruker er frå. Versjon og tidspunkt for nedlasting av plandata er å finne i infoboksen i kartløysinga.

5.2.1 Mål

Kommunen kan bruke arealrekneskap til å lage mål knytt til natur, arealbruk, jordvern og klima. Her gjeld det å bruke arealrekneskapen til å sjå kva område er det *behov* for å gjere noko med, og vurdere kva kommunen *kan* gjere noko med. Her er det viktig å kjenne dei nasjonale- og regionale føringane, slik at måla er i tråd med dei. Sjå nettsida om [alle regionale planar i Vestland](#) for oppdatert oversikt over regionale planar i Vestland, og [planlegging.no](#) for nasjonale føringar og rettleiing.

Arealrekneskap kan bidra til å lage konkrete mål knytt til arealbruk. I tillegg kan arealrekneskap brukast til å vurdere måloppnåing i undervegs og i etterkant. Tema som er nyttig å lage mål ved hjelp av arealrekneskap, er til dømes jordvernmål og mål for nedbygging av skog.

Ein måte å formulere jordvernmålet på er å vedta mål om maks nedbygging av x tal dekar, over y år. Vestland fylkeskommune har sjølv sett eit jordvernmål, som er 180 dekar per år i perioden 2023–2027 (figur 18).

Det er opp til kommunane å sette eigne jordvernmål. I jordvernbrevet for 2024, har Statsforvaltaren i Vestland lagt ved eit utgangspunkt for jordvernmål basert på areal og folketal, med historisk omdisponering rapportert i Kostra. [Les jordvernbrevet her \(pdf\)](#).

Jordvernmålet til Vestland

Om vi tek utgangspunkt i det nasjonale jordvernmålet og Vestland sin del av dyrka jord i landet, skal omdisponert dyrka jord per år ikkje overstige 9 prosent av det nasjonale jordvernmålet. Det vil seie at det maksimalt kan omdisponerast 180 dekar per år i perioden 2023–2027

Figur 1814: Jordvernmålet til Vestland, frå temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027.

I arealrekneskapen har vi oversikt over planreserve i dyrka mark, og ved framtidige oppdateringar av arealrekneskapen kan vi sjå kor mykje som er bygd ned av denne planreserven. Slik kan arealrekneskap brukast til å vurdere om kommunen har nådd jordvernmålet.

Denne metoden kan kommunen bruke for andre tema, som naturmangfald. De kan sette mål om maks utbygging av skog til dømes. Slik kan kommunen lage eit arealbudsjett, der de set mål om kor mykje av kvar arealtype de vil omdisponere eller bygge ut. Dette kan vere til hjelp under utarbeiding av arealstrategiar og rullering av arealdelen.

5.2.2 Arealstrategiar

Arealstrategien skal skildre den strategiske retninga og overordna prinsipp for arealbruken i kommunen. Arbeidet med arealstrategiar bør gjerast som ein del av samfunnsdelen, for å så bli følgt opp i arealdelen. Arealstrategien fungerer derfor som ei bru mellom samfunnsdelen og arealdelen. Det å prioritere arealstrategiar i samfunnsdelen vil gi kommunen betre politisk styring over arealbruken, og sikre at han heng saman med satsingsområde og måla i samfunnsdelen. Til dømes kan arealstrategiar bidra til å sette silingskriterium for arealinnspel i arealdelen.

Arealstrategi bør innehalde samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk

Statistikken i arealrekneskapen gir eit godt grunnlag for vurderingar og diskusjonar om kva retning kommunen bør gå i når det gjeld arealbruk. Her bør arealrekneskapen bli samanstillt med anna kunnskap, til dømes knytt til befolkning og bustadsamansetning. Sjå liste over nyttige datasett i delkapitelet Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap.

Viktige spørsmål for kommunen i arbeidet med arealstrategi

- Kva er planreserven vår, og korleis fordeler han seg på ulike arealformål?
- I kva arealressurstype (AR5) ligger planreserven vår?
- Er mengde og fordeling av planreserve i tråd med kjent kunnskap, nasjonale og regionale føringar, og den noverande politikken til kommunestyret?
- Sikrar strategien at arealbruken støttar opp under langsiktige mål, som t.d. jordvern, nullutslepp og naturomsyn?
- Reflekterer planreserven behovet for utbygging?
- Er planreserven samordna med kommunalt bustadtilbod, infrastruktur og kollektivtilbod?
- Kva er status på
 - jordvern?
 - naturmangfald og samanhengande naturområde?
 - naturfare i planlagt utbygde areal (klimarisiko og klimatilpassing)?
 - potensielle klimagassutslepp frå arealbruksendringar?

5.2.2.1 Les meir om arealstrategi

- [Arealstrategi - regjeringen.no](https://regjeringen.no)
- [Kommuneplanens samfunnsdel – Steg 6 | Enkel planlegging](#)
- [Arealstrategier i småkommuner - NORCE](#)
- [Video om Arealstrategiar - opplæring i plan for politikarar - youtube](#)
- [Arealplanlegging på jærsk, arealstrategi og jordvern - veileder fra Rogaland fylkeskommune](#)

6 Arealdelen i kommuneplanen

Arealrekneskap er nyttig gjennom heile planleggingsprosessen for arealdelen i kommuneplanen. Dette er eit kunnskapsgrunnlag som mellom anna kan bli brukt til å

- vise no-status i planoppstart
- vurdere kva område som bør tilbakeførast til landbruks-, natur- eller friluftsområde (LNF)
- lage silingskriterium
- vise samla konsekvens for føreslått arealbruk
- vise endringar mellom gjeldande plan og planforslag

6.1 Planoppstart og planprogram

I planprogrammet skal kommunen framstille mål, rammer og utfordringar dei skal løyse i arealdelen. Her er det viktig å dra linjer frå mål og arealstrategi i samfunnsdelen. Dersom kommunen ikkje har vedtatt arealstrategi i samfunnsdelen, bør dette vere del av planprogrammet. Sjå delkapittelet om [Arealstrategiar](#).

Arealrekneskap fortel om no-status for planlagt arealbruk i vedtekne planar og faktisk arealbruk gjennom SSB arealbruk. Den planlagde arealbruken blir vist gjennom planreserven frå planmosaikken. Les meir om dette i delkapittelet [Om planmosaikk og planreserve](#).

Dersom kommunen brukte arealrekneskap som del av kunnskapsgrunnlaget til planstrategi eller samfunnsdelen, kan de gjerne bygge på dette. Men hugs då å sjekke om arealrekneskapen har vore oppdatert sidan då. Endringar sidan kommunens planstrategi eller samfunnsdel kan vere at

- kommunen har vedtatt nye reguleringsplanar
- det er endringar i AR5 eller SSB arealbruk
- Vestland fylkeskommune har oppdatert datagrunnlaget, tilført ny informasjon eller lansert nye funksjoner i det regionale arealrekneskapen

Til planprogrammet bør de bruke statistikk frå statistikkportalen i Power BI eller Excel. Sjå døme på kva de kan skildre med statistikken frå arealrekneskapen i figur 19.

storleik og tal på planreserve for kvart arealformål

storleik og tal på dyrka og dyrkbar mark som er planlagt nedbygd

størrelse og tal på karbonrike areal, som myr og skog, som er planlagt nedbygd

totalt potensial for utslepp av klimagassar dersom planreserven blir bygd ned

Figur 19: Døme på kva de kan bruke statistikken til å svare på.

I diskusjonane i planprosessen bør kommunen samanlikne arealstatistikken med kva behov kommunen har for ny utbygging. Sjekk vedlegg 1 [Arealregnskap i kommuneplan](#) for detaljert framgangsmåte for å vurdere utbyggingsbehov bustad og fritidsbustad. Slik kan kommunen tidleg ha ei oppfatning om kor mykje areal som bør setjast av til utbyggingsformål i kommuneplanen, og om kommunen eventuelt bør ta ut areal som ikkje lenger er aktuelle for utbygging. I tillegg har vi ei liste over nyttige datasett i delkapitelet Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap.

På s. 39 i [Arealregnskap i kommuneplan](#) er følgande sjekkliste for skildring og vurdering av utbyggingsbehov og faktisk arealbruk i arealreserven:

- ✓ Etabler eit datagrunnlag basert på plandata, utbyggingsbehov, arealressursar og naturdata.
- ✓ Skildre utbyggingsbehovet.
- ✓ Skildre eigenskapar og kvalitetar ved ubygd areal og natur innanfor arealreserven.
- ✓ Gjer ei samla vurdering av arealreservens verknad på ubygd areal, jordbruk og natur. Få fram korleis dette står i forhold til lokale, regionale og statlege føringar og lovverk, og vurder opp mot utbyggingsbehovet for bustader/rammer for utbygging av fritidsbustader. Gjer denne teksten relevant for avgjersla og lettlesleg.

Gjennom utarbeiding av planprogrammet bør kommunen fastsette metode for vurdering av innspel, og bestemme kva type innspel de vil opne opp for. Til dømes dersom arealreserven viser at kommunen har nok areal til bustader på rett stad, trenger ikkje kommunen å opne opp for innspel for dette. Arealstrategien er og ein viktig del av grunnlaget for å sette silingskriterium.

Døme på silingskriterium

Evje og Hornnes kommune i Agder fylke sette silingskriterium i ein politisk verkstad, der arealrekneskapen var del av kunnskapsgrunnlaget. Arealrekneskapen deira inneheld eit kart over arealbruksintensitet (ABI), som viser grad av utbygging mellom 0 og 13. 0 betydde ingen infrastruktur (urørt natur), og 13 var maksimum utbygging. Kartet dei brukte er vidareutvikla av eit kart som NINA utvikla for KS i FOU prosjektet Areal- og naturregnskap for kommunal planlegging. [Les meir om prosjektet her.](#)

Kommunen vedtok silingskriteriet «Det skal ikke være noe utbygging i områder med ABI-verdi 0-1». Altså vil dei ikkje akseptere forslag om utbygging av urørt natur.

I tillegg skal planprogrammet innehalde skildring av korleis kommunen skal gjennomføre konsekvensutgreiinga. Ein viktig del av ei konsekvensutgreiing er å vise samla verknad av planen og alternativvurderingar. Arealrekneskap kan bidra med dette. Samla verknad bør fordelast på tema som

- naturmangfald (ved skog og myr i kartløyising for gjeldande plan)
- jordvern
- karbonrike areal
- potensielle klimagassutslepp
- landskap

Her kan vi bli inspirerte av Ringerike kommune, som har laga eit eige [arealrekneskap for konsekvensutgreia innspel om nye utbyggingsområde \(pdf\)](#) til arealdelen i kommuneplanen 2023–2035. [Sjå presentasjonen dei heldt for Miljødirektoratet her.](#) Ringerike kommune har her gjennomført eigne analyser til denne arealrekneskapen.

Kartløyisinga for gjeldande plan kan bidra med å vurdere alternative areal. Her kan vi raskt få eit visuelt overblikk over moglege område som kan vere eigna som alternative areal.

Ta gjerne kontakt med plankontakten din i fylkeskommunen for å diskutere korleis kommunen best kan bruke arealrekneskap som eit verktøy og kunnskapsgrunnlag i planlegging. De finn dykkar kontaktpersonar for alle kommunane på nettsida til [Vestland fylkeskommune](#). Vi minner også om at det er en fordel å møte i planforum før planprogrammet blir sendt på høyring. [Les meir om planforum her.](#)

6.1.1 Formidling av arealrekneskap

En viktig fordel med arealrekneskap er at det kan bidra med å skape ei felles forståing av arealbruken i kommunen blant administrasjon, folkevalde og andre interessentar. Det er viktig for å legge til rette for berekraftig arealbruk. Kapittel 2 i [Arealregnskap i kommuneplan](#) skildrar korleis formidle arealrekneskapen. Her ser dei spesielt på bruken av arealrekneskap i politisk handsaming og medverknad.

I tillegg skildrar dei fire faktorar for å formidle arealrekneskapen vel. Arealrekneskapen må

1. bli erfart som relevant
2. bli erfart som truverdig
3. vere forståeleg
4. vere synleg

Arealrekneskapen kan formidlast på mange ulike måtar. Ved presentasjonar kan de bruke kartløyisinga direkte, eller ta skjermbilete av konkrete område for å legge dei inn i ein Power Point-presentasjon. Det same kan de gjere med statistikkrapporten, for å syne relevant statistikk i ein presentasjon. Dersom de ønsker andre tabellar eller grafar, kan de lage dette ved å bruke data frå Excel- tabellane, men ver obs på at de er heilt sikre på tolkinga av tala.

Det same gjeld ved skriftleg formidling. Her vil spesielt tabellar og grafar med statistikk vere viktige, for å støtte oppunder poeng eller kunnskap i teksten.

6.1.2 Politisk verkstad

Å ha politisk verkstad tidleg i arbeidet med planprogram og før anna medverknad, gir høve til politisk forankring, eigarskap og retning i arbeidet med arealdelen. Den politiske verkstaden bør bygge på eit kunnskapsgrunnlag med arealrekneskap og anna kunnskap, som datasetta i delkapitelet Datakjelder og kunnskap som bør bli sett i samanheng med arealrekneskap. Det er ein fordel om dei folkevalde får lest gjennom dette før verkstaden, men det er også viktig å munnleg presentere resultata av arealrekneskapen og vise samanhengen med anna viktig kunnskap.

Sjå denne rapporten med [konkrete tips til planlegging av arbeidsverkstader](#), laga av Agder fylkeskommune. Merk at han i hovudsak er laga for samfunnsdel og planstrategi, men nokre av metodane kan bli brukte også for arealdelen. Likeins har Asplan Viak utarbeidd dette notatet for KS, om [samspel mellom folkevalde og administrasjon i strategiske planprosessar](#). Her står også samfunnsdelen i sentrum, men det kan vere nyttig å sjå han i lys av arealdelen.

6.2 Planvask

Dersom kommunen skal gjennomføre ein planvask, altså endre eller oppheve eksisterande planar, er det ein fordel at kommunen ruller kommunepleanen før de opphevar reguleringsplanar. Det gir forenkla prosess.

Kommunen vurderer planreserven i arealrekneskapen med følgande spørsmål i figur 20. I tillegg bør de bruke arealstrategiane til å sette nokre kriterium eller retningslinjer for kva areal som bør tilbakeførast til LNF.



Figur 20: Spørsmål å stille seg om planreserven.

Kommunen kan bruke både kartløyasing og statistikk for å få oversikt over planreserven, kor den er lokalisert, og kva type natur som er der. Sjå forskjellen mellom bruk av statistikk og kart i figur 21.

Tabell



- ☐ Gir overordna arealstatistikk
- ☐ Svarer på kor mykje planreserve det er i kommunen.
- ☐ Svarer på kor mykje natur planreserven forbruker.
- ☐ Excel-fila gir dato på når planen blei iverksett.

Kart



- ☐ Viser kor desse areala er.
- ☐ Viser kor alternative område med mindre forbruk av natur ligg (ved å sortere på bebyggd og samferdsel)
- ☐ Kartløyasing for gjeldande plan har filter på planar etter pbl. 1985 og pbl. 2008.
- ☐ Utvida kartløyasing gir høve til å filtrere planar etter alder.

Figur 21: Døme på korleis bruke tabell og kart til å vurdere planreserve til planvask.

Arealrekneskapen er nyttig for å sortere planar etter alder. Merk at vi berre brukar vektoriserte planar lagra i digitalt planregister til arealrekneskapen. Det betyr at planar med berre planomriss ikkje er med. Kommunen sjølv må vurdere planane dei har i papir eller som pdf, saman med dei vi viser i arealrekneskapen. Sjå kor de finn informasjonen om kva planar som er med og alderen på dei i formata av arealrekneskap i figur 22.

Mange eldre planar treng å bli digitalisert og ført inn i digitalt planregister. [Les meir om etablering av digitalt planregister hjå kartverket.](#)

6.3 Utarbeiding av planforslag

Gjennom planlegginga er det viktig å sjekke arbeidet opp mot arealrekneskapen, arealstrategien og eigne mål frå planprogrammet. Dette er for å sikre at de er på rett veg og følger opp både kunnskapsgrunnlag og ambisjonar frå planprogrammet.

Arealrekneskapen er eit grunnlag for diskusjonar og prioriteringar i planlegging. I planomtalen bør kommunen bruke statistikk og informasjon frå arealrekneskapen og anna kunnskap som bakgrunn for dei avgjerdene som er tatt gjennom planprosessen. Kommunane bør vise til denne statistikken i planomtalen:

- endring i framtidig planlagt areal i KPA (mellom noverande og planlagt arealformål)
- endring i arealføremål i KPA mellom gjeldande plan og planforslag
- endring i planreserven frå planmosaikk
- endring i arealtype (AR5)
- endring i potensielt klimagassutslepp frå planreserve

Excel

Plannavn	Ikrafttredelsesdato	Plankilde
Hillesvåg Bustadområde	21.06.2018	RpArealformålOmråde
Sjurneset	01.11.2018	RpArealformålOmråde
Øvre Holsbergstien	14.06.2017	RpArealformålOmråde
Fv. 57 med gang-og sykkelve	07.04.2022	RpArealformålOmråde
		KpArealformålOmråde
Alversund områdeplan, del a	01.11.2018	RpArealformålOmråde
		KpArealformålOmråde
Eikanger næringsområde	19.10.2016	RpArealformålOmråde
Fv. 564 Frekhaugkrysset inkl.	17.09.2020	RpArealformålOmråde
		KpArealformålOmråde
Olsvollstranda_næringsomr	04.09.2024	RpArealformålOmråde
FV 404 Kvamme - Fossevatne	16.06.2016	RpArealformålOmråde

Ikrafttredelses-
dato

Kartløysing for gjeldende plan

tatt planreserve

Velg plankilde

RbFormålOmråde

Velg arealformål

Vis alt

an: KPA og RP henta frå

frå kommune, RP henta t

5.10.2019 Lindås 16.10.

du :)

tert med nye data

Sognefjorden

5442

Vis alt

Korrigeret LNF/BVS

KpArealformålOmråde

RbFormålOmråde

RpArealformålOmråde

- «Velg plan»
- RbFormål-
Område

Utvida arealrekneskap

Plankjelde

Vis alt

Reguleringsplan

Vis alt

Planer etter alder

05.09.2005 - 07.09.2015

KPA område

Ingen kategori er valgt

Bustadtype

Vis alt

fra

05.09.2005

Til

07.09.2015

<< < september 2005 > >>

M T O T F L S

29 30 31 1 2 3 4

5 6 7 8 9 10 11

12 13 14 15 16 17 18

19 20 21 22 23 24 25

26 27 28 29 30 1 2

Tilbakestill Lda

Planreserve og fordeling etter area

Arealtypepar

15k

10k

5k

0

Skog

Overflatedyrka jord

Innmarksbeite

Myr

Fulldy

Bebys

"Plan etter alder"

Figur 22: Korleis de kan sortere alder på planar i Excel-fila, kartløysing for gjeldende plan og utvida arealrekneskap.

Denne statistikken finn de i tabellane i Excel-dokumentet, som de kan laste ned frå kartløyninga som samanliknar gjeldande plan og nytt planforslag. Sjå kor de finn Excel-fila i delkapitelet TREISS: Samanlikning mellom gjeldande plan og planforslag.


I kapittel fire og fem av [Arealregnskap i kommuneplan](#), er det mange gode døme på korleis skildre arealrekneskapen til kommunen i planomtalen. Desse er:

- Samlet arealregnskap (s. 45)
- Beskrivelse og vurdering av utbyggingspotensialet i arealreserven for bustad (s. 27)
- Beskrivelse og vurdering av utbyggingspotensialet i arealreserven for fritidsbolig (s. 27)
- Beskrivelse av faktisk arealbruk i arealreserven (s. 28)
- Beskrivelse av jordbruksareal og dyrkbar jord i arealreserven (s. 30)
- Beskrivelse av jordbruksareal og dyrkbar jord i arealreserven innenfor soner (s. 32)
- Beskrivelse av naturverdier i arealreserven (s. 34)
- Bruk av soner for å beskrive arealreserven (Leveområde for villrein) (s. 37)
- Avveiningar som følge av analyse av arealreserven (s. 39)
- Beskrivelse av arealregnskap faktisk arealbruk (s. 47)

Mykje av statistikken i desse døma kan de finne i Excel-filene. Der har de også høve til å lage eigne diagram og illustrasjonar. De må vere merksame på kva som er endra, og at de tolkar statistikken rett, dersom de endrar innhaldet i tabellane.

6.4 Les meir om kommuneplanens arealdel

- [Grunnlag for veileder om revisjon av kommunale arealplaner - regjeringen.no](#)
- [Kommuneplanens arealdel - regjeringen.no](#)
- [Kunnskapsarena for klima og natur i planlegging - miljodirektoratet.no](#) (webinarserie)
- [Samspill mellom folkevalgte og administrasjon i strategiske planprosesser](#)
- [Kom i gang med kommuneplanens arealdel | Enkel planlegging](#)



vestlandfylke.no